

Faktaark:

falske nyhende

Falske nyhende er ein frase som eigentleg ikkje er heilt ny, men bruken eksploderte for eitt år sidan. Hittil i år har frasen vore nytta i meir enn 1500 trykte artiklar i norske aviser, og truleg langt meir i nettbaserte medium. Populariteten til frasen kjem i all hovudsak av kampen om sannferdelege nyhende i sosiale medium og i den tradisjonelle pressa. Det er særleg valet i USA i fjor haust og innsetjinga av ny president som gjorde ordet vanleg. Bruken syner at frasen vert hyppig nytta òg om norske tilhøve.

Etableringa av faktasjekktenester, særleg i tilknytning til valkampen i år, viser kor viktig frasen *falske nyhende* har vorte. Svekkinga av etablerte medium og framveksten av nye kanalar i sosiale medium har gjort nyhendebiletet meir uoversiktleg enn før. I nokre tilfelle spreier desse kanalane nyhende som syner seg ikkje å vere sanne. I andre tilfelle vert *falske nyhende* nytta som eit retorisk uttrykk for å stemple meiningsmotstandarar.

Falske nyhende er ein frase som er samansett av to ord. Ved å kåre *falske nyhende* som årets ord vil vi syne at språket vårt vert utvida med fleirordsuttrykk, ikkje berre enkeltord. I 2015 kåra vi ein annan frase, *det grønne skiftet*, som årets ord. Frasen vert oftast nytta i fleirtalsforma, og uttrykket svarar til det engelske *fake news*.

lillaveljar

Ein lillaveljar er ein veljar som vandrar mellom raude og blå parti, særleg mellom Arbeidarpartiet og Høgre. Årets stortingsval gjorde ordet svært aktuelt. Det er nokså vanleg å nytte fargeord for å namngje politisk ståstad, og i 2013 stod *blå-blå* på lista over nyord. *Lillaveljar* er likevel nokså kreativt fordi ein syner til ei fargeblanding som speglar overlapping og uklare politiske skiljelinjer og preferansar. Vi vil truleg sjå meir av dette ordet i framtida.

plastkval

Mange hugsar sikkert den såkalla plastkvalen som vart funnen og avliva utanfor Sotra på Vestlandet førre vinter. Kvalen hadde magen full av plast, og kom difor til å synleggjere konsekvensane av at havet vert nytta som avfallsplass. Sjølv om *plastkval* er knytt til ei enkelthending, ser vi at ordet framleis har vore i bruk i heile 2017. På sett og vis har ordet gått inn i språket som eit symbol på miljøødeleggingane i naturen.

imamsleiking

Under valkampen i 2017 førte Sylvi Listhaugs påstand om at «Hareide og andre sleikar imamar oppetter ryggen» raskt til danninga av ordet *imamsleiking*. Ordet er først og fremst viktig fordi det gjev eit tydeleg signal om at norsk politisk debatt har gått over i eit høgare gir, der spissformuleringar og negative karakteristikkar vert stadig vanlegare. Ei slik utsegn frå ein statsråd ville vore utenkjeleg for berre få år sidan, og dette syner at retorikken er vorten hardare og meir lik den debattforma som vi ei tid har sett i andre land, som Storbritannia og USA.

spinnar

Spinnar var farsotta som herja i 2017, nesten på same måte som Pokémon og pokestopp i 2016. Ein spinnar er ein gjenstand eller ei leike som snurrar rundt seg sjølv ved hjelp av eit kulelager i midten. Han vart særleg populær blant barn, men òg vaksne fann noko avstressande og utfordrande ved spinnaren.

Ordet *spinnar* er eigentleg ei kortform av det engelske *fidget spinner* («urospinnar»), men glir fint inn i språket vårt sidan det godt kunne ha vore danna på grunnlag av verbet *spinne*.

svenske tilstandar

Ein kan ikkje ha unngått å høyre frasen *svenske tilstandar* i 2017. *Svenske tilstandar* har først og fremst vorte nytta av innvandringskritiske røyster som eit retorisk verkemiddel i debatten om innvandringspolitikk her heime. Samstundes ser ein at andre partar i debatten har freista å fylle omgrepet med anna innhald som syner til positive sider ved samfunnet i nabolandet vårt, t.d. svensk musikk og svensk økonomi.

Sjølve frasen *svenske tilstandar* seier ikkje noko om kva type tilstandar det er snakk om, og denne vagheita opnar opp for ulike bilete og assosiasjonar. Det at frasen oftast vert nytta i fleirtalsforma, gjer han meir elastisk og mindre presis. Hyppigheita til *svenske tilstandar* må nok seiast å spegle eit ordskifte prega av retorikk og kamp om omgrepsinnhald.

datarulling

Etter at teleselskapa byrja å tilby overføring av datamengd frå ein månad til den neste, vart *datarulling* raskt etablert som ei nemning for denne tenesta. Ho erstattar det engelske *data rollover*. Det er gledeleg at teknologiselskapa dannar og tek i bruk gode norske termar som avløyssarar for engelske.

lynladar

Elbilen har sett sitt preg på lista også i år, og det siste er lansering av *lynladar*, ein snøggadar som gjer jobben med å lade opp elbilbatteriet opptil seks gongar raskare enn ein konvensjonell elbilladar. Norsk elbilforeining opplyser at dei nye lynladestasjonane er mynta på bilmodellane som kjem på marknaden frå 2018.

ekkokammer

I tilknytning til sosiale medium har *ekkokammer* vorte eit mykje brukt ord det siste året. Det dreiar seg om den sjølvforsterkande effekten av at vi opererer i eit nettverk som stort sett er samansett av likesinna, og at vi dimed for det meste kommuniserer med meiningsfellar. Denne effekten vert òg forsterka av at tenester som Facebook og Twitter foreslår lenkjer til informasjon frå folk som likar og deler dei same tinga som vi sjølve. Dimed vert vi eksponerte for eit snevrare meiningsinnhald enn det som er tilfelle i tradisjonelle medium.

oktoberbarn

Ein av dei viktigaste politiske debattane i år har dreia seg om lagnaden til ei gruppe einslege mindreårige asylsøkjarar som kom til Noreg frå Afghanistan hausten 2015. Mange av desse fyller 18 hausten 2017 og skal då ifølgje UDIs regelverk verte sende ut av landet. Ordet *oktoberbarn* er vorte ei fellesnemning for denne gruppa, sjølv om ikkje alle fyller år i oktober. Eit interessant parallelt tilfelle er dei amerikanske såkalla «dreamers», som omfattar mindreårige frå Latin-Amerika som òg lever under trugsel om tilbakesending.